

Protokoll

VELG ET ELEMENT. 3/23

DATO: torsdag 8. juni 2023

TID: 15.00-18.00

STED: Tysvær rådhus

Til stades:

Karmøy kommune:	Jarle Nilsen og Øystein Hagerup
Haugesund kommune:	Arne-Christian Mohn
Tysvær kommune:	Sigmund Lier og Sigurd Eikje
Utsira kommune:	Tove Grimsby og May Britt Jensen
Bokn kommune:	Osmund Vaaga og Ingeborg Skjølingstad
Sveio kommune:	Linn Therese Erve og Jostein Førre
Vindafjord kommune:	Ole Johan Vierdal og Yngve Folven Bergesen
Suldal kommune:	Gerd Helen Bø og Karin Dokken Austvik
Sauda kommune:	Asbjørn Birkeland og Vegard Thise
Etne kommune:	Mette Heidi Ekrheim og Fillippo Ballarin
Rogaland fylkeskommune:	Arne Bergsvåg og Gunn Claire Westad

Frå administrasjonen Inger Kallevik Haavik og Øyvind Valen

SAKSLISTE

Sak 16-23 **Godkjenning av innkalling og saksliste**

Vedtak: Godkjent

Sak 17 / 23 **Godkjenning av referat frå regionrådsmøte 21. april 2023**

Referatet finn du [her](#).

Vedtak: *Protokollen frå regionrådsmøtet 21. april blir godkjent.*

Sak 18-23 **Orienteringssak: Orientering frå nokre av konsortiene Utsira nord**

AU hadde invitert fire konsortier som alle har lokal representasjon i regionen. Desse fire var

- Skjoldblad/Norsk havvind ved Jan Heiberg,

- Deep Wind Offshore ved Kjetil Jacobsen,
- RWE ved Mads Arild Vedøy
- Source Galileo ved John Harald Log.

Deira presentasjon av seg sjølv ligg [her](#).

Det var etterpå ein panelsamtale mellom dei fire og representantane i rådet. Temaet var kva konsortiene såg for seg av lokal verdiskaping, samt kva dei meiner kommunane må gjera for å sikra mest mogleg av dette.

Ein ikkje uttømande liste over moment som kom fram frå ein eller fleire av deltagarane var:

- Dette er like stort som Kårstøutbygginga var på 80-talet. Kortreist arbeidskraft og kortreist kompetanse må - og skal nyttast.
- Utsira vil kunne få nytta kompetansen som dei har i maritim næring, i tillegg bør det koma eit besøks- og forskningssenter som gir arbeidsplassar i besøksnæring.
- Skulle to eller fleire av dei som er til stades få konsesjon, så må det samarbeidast om lokale løysingar.
- Trafo på Utsira er den beste løysinga.
- Alle selskapa vil ha kontorarbeidsplassar i regionen uansett utfall, og ved eventuell konsesjon vil talet på desse auka monaleg.
- Ingen kan lova kor sjølve produksjonen og samanstillinga skal skje, men dei legg vekt på at det må vera store areal tilgjengeleg. Uansett vil det vera behov som gjer at det kan dryppa på alle kommunane. Det kan vera behov for statlege garantiar for å få bygd ut gode nok areal.
- Kommunane må vera pådrivarar og visa utbyggjarar at dei vil dette.
- Viktigast at kommunane samarbeider og er opne, slik at det blir lett for aktørane å møta det offentlege.
- Trykket må haldast oppe mot myndighetene.
- Kommunikasjonen til Utsira blir viktig.
- Me må alle arbeida for at vindparkane får positive erfaringar frå omlandet. Negative erfaringar frå Utsirautbygginga kan bli øydeleggande for heile framtidsutbygginga.
- Lokalt kan det vera behov for ein person med industrierfaring som ser synergien mellom selskapa, kommunar, arealtilbydarar og andre delar av miljøet. Nokre regionar er i dag betre førebudd enn Haugalandet når det gjeld dette. Kanskje kan det maritime clusteret nyttast som utgangspunkt?

Sak 19-23

Orienteringssak: Alternativ til vold.

Marius Råkil frå organisasjonen «Alternativ til vold» presenterte organisasjonen. Han hadde sendt eit notat som ligg i [innkallinga til møtet på side 8](#).

Kommunedirektørane blei oppfordra om å ha ei felles sak til kommunane.

Sak 20 - 23 Interkommunalt politisk råd - Haugalandsrådet IPR

Det er utarbeidd eit eige sakspapir som styret har gjennomgått. Dette ligg i [innkallinga](#) [frå side 10](#).

Det blei i drøftingane diskutert om ein skulle ta saka opp på eit seinare tidspunkt, og at ein i saka då tek med fleire moment. I drøftingane blei det semje om at saka skulle fremjast no, med dei endringane i dei to selskapsavtalane som ny lovtekst krev. Likevel blei det uttrykt ønske om at saka som skal lagast og tek opp behovet for eigarstrategi i Haugaland vekst IKS, vurdering av styresamansetning, og behovet for ein tenesteavtale som regulerer sekretariatstenestene.

Vedtak - samrøystes:

1. *Regionrådet blir skilt ut frå Haugaland vekst IKS med namnet Haugalandsrådet IPR.*
2. *Representantskapet i Haugaland vekst IKS skal vera identisk med dei som har røysterett i Haugalandsrådet IPR.*
3. *Haugaland vekst leverer sekretariatstenester til Haugalandsrådet.*
4. *Kostnadene til Haugalandsrådet IPR blir dekka av grunnsummen som kommunane i dag betaler til Haugaland vekst IKS.*
5. *Administrasjonen blir bedt om å laga framlegg til avtalar, som kan leggast fram i eit digitalt møte i representantskapet snarast. Dette blir tilrådinga til kommunestyra. Administrasjonen blir og bedt om å laga framlegg til sakspapir for kommunane.*

Sak 21-23 Drøftingssak: Kjennskap til regionale prosessar for nye ordførarar og kommunestyrerepresentantar.

Denne saka blei ikkje drøfte utover at det blei vist til innlegg i førre sak som oppfordra til at ny leiing i Haugaland Vekst inviterte seg inn i alle dei nye kommunestyra med grundig informasjon om regionalt samarbeid.

Sak 22-23 Orienteringssak: Aktuelle saker frå Haugaland vekst

- Årsmelding frå Haugaland vekst. Link til denne er [her](#)
- Elles hadde dagleg leiar Inger Kallevik Haavik ein presentasjon som de finn [her](#).

Sak 23-23 Ymse

Rogaland fylkeskommune ved Arne Bergsvåg tok opp nokre problemstillingar knytt til Haugalandspakken.